

Rapport

Nettverket Miljøbehandling i eldreomsorga i Sogn og Fjordane 2012 - 2014

Marta Strandos

Joanna Galek

Jorunn Bakke Nydal



Utviklingssenter for
sjukeheimar og heimetenester
Sogn og Fjordane



HØGSKULEN I
SGN OG FJORDANE



SGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Innhald

Innleiing	2
Mål.....	2
Nasjonale føringer	2
Omgrep.....	4
Miljøbehandling.....	4
Nettverk.....	4
Eldreomsorg	4
Gjennomføring	5
Deltaking.....	5
Kontakt undervegs og leiarforankring.....	6
Evaluering av nettverket miljøbehandling i eldreomsorga 2012-2014.....	6
Miljøbehandling og grunnleggande behov hos eldre.....	8
Kompetanse og endring i praksis	10
Samarbeid om nettverk.....	12
Utviklingscenter for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane	13
Sogn og Fjordane fylkeskommune	13
Høgskulen i Sogn og Fjordane	13
Erfaringar med samarbeidet.....	14
Oppsummering og vidare arbeid.....	14
Litteratur.....	16
Om forfattarane	18
Vedlegg.....	19
Program fagdagar.....	19

Innleiing

Nettverket miljøbehandling i eldreomsorga har vore eit tilbod til kommunane i Sogn og Fjordane i perioden 2012-2014. Denne rapporten samanfattar bakgrunn og mål for nettverket, aktiviteten i nettverksperioden og evalueringar . Vidare diskuterer den utvalde temaområde i lys av erfaringar og aktuell teori, og gir til slutt nokre anbefalingar for det vidare arbeidet.

Organisering og drift av nettverket har vore eit samarbeid mellom Utviklingssenteret for sjukeheim og heimetenester (USHT) i Sogn og Fjordane/Førde kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFJ)v/kultur og helse og Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) v/avd. for helsefag. USHT har leia nettverket.

Nettverket var ei vidareføring av Olaviken alderspsykiatriske sjukehus i Hordaland sitt nettverk for miljøbehandling i demensomsorg (2009-2010). Målet der var å etablere eit nettverk som var tilstrekkeleg vellykka til at fagmiljø i Sogn og Fjordane kunne ta ansvar for vidare drift. Evalueringa viste at det var interesse for ei vidare drift av nettverket, og med forslag om at USHT skulle leie dette (Skram & Helland, 2012). Styringsrådet for USHT i Sogn og Fjordane vedtok å vidareføre arbeidet, i tett samarbeid med fylkeskommunen og høgskulen. Det var eit felles ynskje lokalt at nettverket skulle gjelde heile eldreomsorga og ikkje avgrensast til demensomsorga.

Mål

Føremålet med nettverket var å legge til rette for å styrke kompetanse og utvikle miljøbehandling i kommunane i Sogn og Fjordane. Deltakarane skulle få ei innføring i ulike innfallsvinklar på miljøbehandling gjennom førelesing, konkret metodikk og erfaringsdeling, og bli godt rusta til å møte utfordringar på sin arbeidsstad. Målet har vore tilsette som er engasjerte, har evne til å formidle kunnskap på eigen arbeidsstad, og kunne motivere og setje i gang miljøtiltak. Som eit ledd i dette, skulle deltakarane i siste del av nettverksperioden arbeide fram ein miljøplan for sin arbeidsstad. Dette skulle skje i samarbeid med leiinga på avdelinga.

Målgruppa var tilsette ved sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane. Det var ynskje om ei tverrfagleg deltaking, og den enkelte kommune kunne melde på 2-4 deltakrarar.

Nasjonale føringer

Politiske styringsdokument har gjennom fleire år vektlagt kultur, aktivitet og trivsel som heilt sentrale og grunnleggande element i ei heilskapleg teneste (Meld.St. 25 (2006), Meld.St. 29 (2012-2013)). I stortingsmelding 29 «Morgendagens omsorg» står det: «Det handler om liv og død i omsorgstjenestene. Det viktigste målet er ikke bare god helse, men også selve livet. De som arbeider

her må kjenne de fleste av livets sider, og vil møte de fleste grunnleggende menneskelige behov» (Helse- og omsorgsdepartementet, 2013). Fleire undersøkingar tyder på at dagens omsorgsteneste kjem til kort på det sosiale og kulturelle området. Regjeringa sitt strategidokument, Omsorgsplan 2015 (Helse- og omsorgsdepartementet, 2007-2008), understrekar behovet for auka tverrfagleg kompetanse slik at tilbodet òg dekkar psykososiale behov og får ein meir aktiv profil. I følgje dokumentet er det kommunen sitt ansvar å organisere og dimensjonere tenester etter gjeldande lovverk. Sentrale tiltaksområde er mat og måltid, kultur, tilpassa aktivitet og sosiale tiltak. Dei viser til dokumentert effekt av musikk, dans og drama i terapeutisk samanheng. Den kulturelle spaserstokken er eit konkret tiltak som skal stimulere til auka samarbeid mellom kultursektor og omsorgstenester (Meld. St 25 (2005-2006), 2006).

Kulturlova seier at offentlege styresmakter har som føremål og ansvar for å fremje og legge til rette for eit breitt spekter av kulturverksemrd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfold av kulturuttrykk. Dette skal òg gjelde for menneske som bur på institusjon (Kulturlova, 2007).

I fylgje lov om kommunale helse- og omsorgstjenester (2011) og forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene (2003) skal helse- og omsorgstenestene sikre at den enkelte får høve til å ha ein aktiv og meiningsfylt kvardag, at tilbodet er tilpassa den enkelte, og at grunnleggande behov òg blir dekka gjennom sosial kontakt og varierte og tilpassa aktivitetar. I Melding til Stortinget 29 (2013, ss. 85-86) blir det trekt fram tiltak for å styrke denne delen av tenesta:

- Kultur og omsorg blir oppmoda til å arbeide tverrfagleg, utvikle metodar og faglege tilnærmingar i omsorgstenestene
- Ta i bruk kunnskapsbaserte miljøtiltak som har vist seg å ha effekt på behandling, trivsel, medikamentbruk og personalressursar
- Spreie modellar gjennom ulike nettverk
- Utvikle system som sikrar at ny forskingsbasert kunnskap blir tatt i bruk

Dette støttar opp under satsinga på miljøbehandling som ein viktig del av eldreomsorga, og at utviklingsarbeid og spreiling gjennom nettverk kan vere ein måte å styrke kompetansen og etablere system for dette arbeidet.

Omgrep

Vidare kjem ei klargjering av nokre omgrep som blir nytta.

Miljøbehandling

Helsedirektoratet definerer miljøbehandling som «... å tilrettelegge det fysiske og sosiale miljøet slik at pasienten kan bruke sine ressurser gjennom aktiviteter som støtter personenes selvfølelse og mestring». Miljøbehandling kan delast i tre hovudelement: 1.Fysiske føresetnader (omgjevnad inne og ute), 2.Psykososiale føresetnader (atmosfære, kunnskap, menneskesyn, haldningar, verdiar), og 3.Organisatoriske tilhøve (Helsedirektoratet, u.d.).

Nettverk

Nettverk blir oppretta for å utvikle og spreie kunnskap og gode erfaringar. Dei kan arbeide saksretta for å utvikle organisasjonen, eller dei kan i hovudsak arbeide for å utvikle kompetanse og læring hos deltakarane gjennom påfyll av kunnskap og erfaringsutveksling. Nettverk kan vere organisert ulikt frå å vere uformelle og «lause» til meir faste og formelle (Moland, Lien, Nygård, & Hofstad, 2013). Ved å etablere eit nettverk i eldreomsorga, blir det skapt ein arena der dei tilsette i pleie- og omsorgstenesta kan møtast og vidareutvikle sin kunnskap gjennom faglege innlegg, diskusjonar og erfaringsdeling. Skram og Helland peikar på nettverk som møte mellom engasjerte praktikarar og spreiling av god praksis. Særskilt gjeld dette høve til å dele og ta i bruk taus kunnskap (Skram & Helland, 2012).

Eldreomsorg

Med eldreomsorg meiner vi den delen av kommunehelsetenesta som omfattar eldre brukarar. I vår kontekst betyr det sjukeheim, omsorgsbustader, heimeteneste og ulike dagtilbod.

Gjennomføring

Med overskrifta: "Kan glød, glede og galskap bli ein del av miljønettverket?" fekk kommunane i Sogn og Fjordane invitasjon til fagdag hausten 2011. Gjennom erfaringsdeling og idemyldring kom deltakarane fram med mange innspel til tema for netteverket.

Ansvarlege for nettverket utarbeidde eit program for nettverksperioden 2012-2014 – sjå tekstboks.

Våren 2012 vart det sendt ut invitasjon til kommunane i Sogn og Fjordane om å delta i «Nettverket Miljøbehandling i eldreomsorga». Invitasjonen var sendt til leiarar i pleie- og omsorgstenesta og kultursektor i kommunane. Det var ikkje stilt noko krav om type utdanning eller stilling. Det var opp til kommunane sjølve å «peike ut» kven som skulle delta i nettverket. Deltaking i nettverket har vore gratis – kun betaling for servering (200,-/deltakar/fagdag).

Deltaking

Tal kommunar i nettverket har variert mellom 19 (første samling) til 14. I hovudsak har 16 kommunar følgt programmet i nettverksperioden (tab. 1). Deltakartalet har i snitt vore 52. Det varierte frå 1-5 frå kvar kommune, i snitt 3,25/kommune. Deltakarane arbeidde i hovudsak ved institusjonar/dagsenter. Eit mindretal var frå heimetenestene. I tillegg har studentar ved sjukepleieutdanninga delteke det på 2 fagdagar.

Tab.1 Deltakarar

Dato	Kommunar	Deltakarar
25.04.12	19	60
31.10.12	14	45
09.04.13	16	49
05.11.13	15 / 14 kommunar med leiarar	60
23.04.14	15	48

Program 2012 - 2014

Vår 2012

Musikk i møte med demens, innføring i individualisert musikk.

Haust 2012

Kultur som virkemiddel i det førebyggjande, helsefremjande og rehabiliterande arbeid.

Vår 2013

Fysisk aktivitet: "30 min", Ut på tur. Alternative behandlingstilbod: sanseopplevelingar, handmassasje, SPA – ein pådriver for betre helse og auka velvære.

Haust 2013

Museum som arena for livslang læring, matkultur, kunst som uttrykk og deltaking.

Vår 2014

Arrangørrolle, planlegge arrangement. Miljøplan /kulturplan – utarbeide miljøplan på sin arbeidsstad.

14 kommunar leverte miljøplan og fekk tilbakemelding på denne. Med unntak av 1 deltakar på første samlinga, var det ingen deltakarar frå kultursektoren i kommunane.

Kontakt underveis og leiarforankring

USHT har hatt ansvar for kontakt med kommunane underveis. Informasjon har gått via e-post til kontaktperson og leiar i kvar kommune, og via heimesida til USHT. Informasjon gjekk ut til alle kommunane som deltok på første fagdag. Det betyr at dei kommunane som ikkje var med på seinare fagdagar likevel fekk oppdatert informasjon om tema, førelesingsnotatar, litteraturforslag og praktiske tips. Mykje av dette har òg vore tilgjengeleg på USHT sine heimesider.

I planlegging og gjennomføring av nettverksprogrammet har leiarforankring i deltakarkommunane vore i fokus. Invitasjon og påmelding til nettverket gjekk til leiarane i pleie- og omsorgstenesta. Underveis har det vore sendt ut informasjon via e-post og heimeside. Leiarane var særskilt invitert på fagdagen i november 2013 der det var fokus på arbeidet med miljøplanen. Leiarar frå 14 av dei 16 kommunane deltok. I etterkant av nettverksperioden har leiarane hatt høve til å gjere si evaluering.


Evaluering av nettverket miljøbehandling i eldreomsorga 2012-2014

På bakgrunn av eit spørjeskjema til Skram og Helland (2012) vart det utarbeidd eit nytt evalueringsskjema med 15 påstandar om deltaking i nettverket. Svaralternativa vart gradert i ein skala frå «slett ikkje sant» til «heilt sant». Skjema inneholdt òg eit ope kommentarfelt. Evalueringsskjemaet vart delt ut i papirform til deltakarane ved siste nettverkssamling våren 2014. Det var frivillig å svare på skjemaet og svara vart anonymisert. 46 av 48 deltakarar på siste samling gjennomførte evalueringa.

Alle var nøgd med struktur og organisering av samlingane (figur 1). Også kvalitet på føredragshaldarar vart særskilt godt evaluert (figur 2).




Figur 1




Figur 2

Deltakarane opplevde at gjennom nettverket vart det formidla ny kunnskap, praktiske idear og inspirasjon, og at denne kunnskapen og ideane har kome brukarane til gode (figur 3, 4).




Figur 3




Figur 4

Alle opplevde at dei fekk styrka sin eigen kompetanse gjennom nettverket (figur 5) – 54% svarte «heilt sant» på utsagnet.



Figur 5

På spørsmål om det er ynskje og behov å fortsette med nettverket svarte 60,9 % heilt sant, 26,2 % nokså sant og 13 % litt sant. Ingen svarte at det ikkje er behov å vidareføre dette nettverket (figur 6). Dette samsvarer med tidlegare undersøkingar (Skram & Helland, 2012).



Figur 6

Kommentarane som vart gjeve er farga positivt. Nokre døme: "Faglig påfyll/nye idear er viktige for å unngå at ein køyrer seg fast i rutiner", "Det er viktig å møte andre i same yrkesgruppe, då aktivitøryrket er nokså einsamt. Viktig å få input frå andre i same gruppe. Like viktig er det å bli sett av dokke på høgskulenivå", "Dette har vore lærerikt, motiverande, inspirerande. Eg håpar og ser fram til at nettverket fortset". Det kom tilbakemeldingar på at det bør helst vere fleire enn ein deltarar frå kvar institusjon.

Det vart samstundes utarbeidd eige evalueringskjema (Questback) for leiarar ved aktuelle institusjonar. Skjemaet vart distribuert elektronisk, og vi mottok svar frå 11 av 16 kommunar. Omlag halvparten av respondentane hadde sjølv delteke på ei av nettverkssamlingane. Ca 82 % av dei meinte at det er behov for å halde fram med eit nettverk i miljøbehandling i ei eller anna form. Leiarane meinte at nettverket har bidrige til at avdelingane har fått ny kunnskap og inspirasjon (60 % nokså sant, 40 % heilt sant, 20 % litt sant). 80 % av leiarane meinte at miljøplan som var utarbeidd i nettverksperioden var eit nyttig reiskap, medan 20 % meinte at det var «veldig lite sant». Det er også kommentert at "skal bli eit nyttig reiskap, men treng litt meir tid".

Miljøbehandling og grunnleggande behov hos eldre

Tradisjonell behovstenking i omsorgstenester har vore knytt til Maslovs behovshierarki. Nedst i pyramiden finn vi fysiologiske behov, vidare tryggleiksbehov, behov for tilhøyra og kjærleik, og behov for aksept. Dei fire behova nedst i pyramiden kalla Maslov for mangelbehov. Når behova på eit nivå er tilfredsstilt veks det fram nye behov. Dei tre behova øvst vart difor kjenneteikna som vekstbehov: kognitive behov, estetiske behov og behov for sjølvaktualisering (Renolen, 2008, ss. 45-46). For at pasienten skal få god pleie og omsorg må pleiarane ha som utgangspunkt at pasienten er eit heilt menneske med fysiologiske, psykiske, sosiale, kulturelle og åndelege sider. Det er avgjerande å vere merksam på pasientens individuelle behov på de ulike dimensjonane. Desse

dimensjonane har eit forhold til kvarandre og saman utgjer dei ein heilskap. Den einskilde si oppleving av heilskapleg funksjon og velvære utgjer livskvalitet.

Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstenestene rettar merksemda mot at det er naudsynt å dekke pasientens grunnleggjande behov både i og utanfor institusjon (Kvalitetsforskrift for pleie- og omsorgstjenestene, 2003). For å lykkast i å forbetre livskvalitet for pasientar på sjukeheim er det avgjerande med naudsynt kompetanse blant personale og at individuelle behov står framfor rutineprega gjeremål (Foss & Wahl, 2002). Foss (2002) hevdar også at betre livskvalitet blant pasientane kan nåast ved innføring av tiltak som sikrar at resterande ressursar blir verdsatt og stimulert. Fagleg tryggleik, kreativitet og tru på pasientens høve for vekst og utvikling er ein føresetnad for at helsearbeiderane bidreg til betre livskvalitet for pasientane på sjukeheimar.

Ser vi tema på nettverkssamlingane i høve til grunnleggande behov og heilskapleg funksjon, var det brukt mest tid på det vi vanlegvis omtalar som «vekstbehov» og psykiske, sosiale og åndelege dimensjonar. Musikk og musikkterapi har vore omhandla både generelt og korleis det kan nyttast på individnivå, særskilt overfor personar med demens. Museum som ressurs for institusjonane og kunsten sin plass i kvardagen var informative og faglege tema, samstundes som det gav nyttige innspel til korleis det praktiske arbeidet kan organiserast og gjennomførast. Fleire tema har i seg ei heilskapleg tilnærming, som ulike former for sansestimulering, handmassasje og «Bevegelse fra hjertet» (Kirkens bymisjon). Fysisk aktivitet og trening for eldre er gjerne meir retta mot det vi ville rekne som fysiologiske behov, sjølv om vi veit det samstundes betyr mykje for opplevd livskvalitet (Lexell, Fråndin, & Helbostad, 2008).

Kultur knytt til helseomgrepet har vore eit gjennomgåande fokus og lagt som ei overordna føring for innhaldet i nettverkssamlingane. Styresmaktene vektlegg at det skal satsast på kultur, aktivitet og trivsel som heilt sentrale og grunnleggjande element i eit heilskapleg omsorgstilbod for sjukeheimspasientar. Mangel på kulturelle aktivitetar er ein av dei største manglane i dagens tenester. Aktivitet for sjukeheimsbebuarar, både sosialt, kulturelt, fysisk og åndeleg betyr mykje for den einskilde. Utfordringa er å kartleggje og definere kva den einskilde bebuar opplever som meiningsfylt. Studien viser at sjukeheimsbebuarane som vart spurt, i stor grad ynskjer aktivitet der dei sjølv deltek aktivt. Det er framleis ein veg å gå når det gjeld å finne ulike måtar å kartleggje desse behova og ynskja på (Haugland, 2012). Ei anna undersøking viser at personalet er splitta i sitt syn på om meir aktiv omsorg kunne gjennomførast innanfor eksisterande personalressursar. Nokre meinte at fleire gjeremål ikkje kunne gjennomførast utan auka bemanning, mens andre lyfta fram at ein

betre struktur på arbeidsdagen og større bevisstgjering var det som skulle til. Aktiv omsorg er ikkje «noe vi skal gjøre når alle er ferdige med sitt – vi blir aldri ferdige – Vi har åpent 24 timer i døgnet (sykepleier)». Ein informant sa at det var trong for tid og vere til stades saman med bebuaren for å oppdage den einskilde sine ressursar (Jakobsen & Granebo, 2011). Kulturprosjekt på sjukeheimar har som intensjon å ivareta pasienten sine psykososiale og eksistensielle behov og betre livskvalitet. Utfordringa er at det er avgrensa tid til anna enn kroppsleg pleie og symptomlindring. Fossøy sine studiar viser at kulturaktivitetar er avhengige av pleiepersonell som ho kallar for “grindegutane”, og at dei ofte blir ståande som observatørar på sidelinja (Fossøy, Hauge, & Grov, 2013). Desse studiane stadfestar manglande heilskapstenking i omsorgsteneste, noko vi kjenner att i nettverksarbeidet.

Øg når det gjeld dagtilbod for eldre brukarar er det viktig at desse tilboda møter deira behov. Målet med slike tilbod er å gje tryggleik og innhald i kvardagen. Brukarane kan få bu lengre heime og pårørande kan få avlastning. I ei undersøking frå 2007 seier brukarar av dagtilbod at det sosiale samværet er viktigast, samt at dei utsyrkjer ynskje om meir aktivitet. Måltida er høgdepunktet fordi mange strevar med å lage mat heime. Også her er det understreka krav til kartlegging av brukaren sine individuelle behov og tilpassing av tiltaka (Rummelhoff, Roger, & Siri, 2012).

Kompetanse og endring i praksis

Føremålet med nettverket var å styrke kompetansen og utvikle miljøbehandling i kommunane gjennom engasjerte tilsette som motiverer, formidlar og set i gang miljøtiltak på eigen arbeidsstad. Nettverksprogrammet la ein tematisk plan som var med å sikre breidde og variasjon for perioden. Deltakarane har vore innom musikk, fysisk aktivitet, sanseopplevelingar, matkultur, museum, kunst, førebyggande og helsefremjande arbeid, arrangørrolle og planarbeid. Samlingane fekk eit varierande fokus og dekka både fysiske, psykososiale og organisatoriske tilhøve ved miljøbehandling. På kvar samling har det vore ein kombinasjon av teori knytt til tema, praktiske døme, aktivitetar og erfaringsdeling. Det har vore brukt både lokale og nasjonale foredragshaldarar. Slik har tema for dagen vorte sett inn i eit teoretisk rammeverk, samt at ny og aktuell forsking på området vart presentert.

Praktiske døme og aktivitetar vart brukt for å knytte dette saman med den kvardagen deltagarane kjenner best. Her nyttar vi døme frå deltagarane sjølv, andre i lokalområdet, men òg frå andre delar av landet. Den nasjonale nettsida til utviklingssentra og aktiv omsorg var gode kjelder til idear og eksempel. Eit døme: Utviklingsenteret i Rogaland har utvikla «Aktivitetskofferten». Kvart USHT i landet fekk ein koffert. Vi presenterte denne på ei nettverkssamling, og utfordra deltagarane til å

lage «sin» aktivitetskoffert ut frå det som var tilgjengeleg på nettsida og eigne, lokale tilpassingar. Resultatet vart presentasjonar og ei stor utstilling på neste samling.

Gjennom nettverkssamlingar kan det skapast felles kunnskapsrom, ein møtestad som oppmunstrar og bidreg til deltaking. Ein kan forstå dette gjennom fire samhandlingsmåtar, som alle bidreg til ein kunnskapshjelpende kontekst: sosialisering, dialog, kodifisering og internalisering (Krogh, Ichijo, & Nonaka, 2001, ss. 205-207). Desse er kopla tett saman og kan illustrerast som ein «kunnskapsspiral». Med sosialisering tenkjer ein på korleis enkeltpersonar gjennom personleg kontakt deler erfaringar og kjensler, og slik dele taus kunnskap. Dialogen i grupper kan forsterke omdanninga av taus kunnskap til uttalt kunnskap. Ein diskuterer kvarandre sine erfaringar og oppfatningar, samtidig som ein analyserar sine eigne. Slik kan ein forstå at eigenaktivitet, erfaringsdeling og det å sette ord på eigen kunnskap er sentrale element i læring og kompetanseuke. Det har vore viktig å aktivisere deltakarane på samlingane, og særskilt utfordre dei på å dele erfaringar og idear både med eigne kollegar og dei frå andre kommunar. Nokre gangar var det førebudde presentasjonar, andre gangar «der og då», som t.d. «speed-dating». Ved å ha fokus på deltakarane sine eigne erfaringar og forslag til tiltak, vart deira kompetanse løfta fram og kunne slik bidra til å styrke det dei gjer på eigen arbeidsplass. Deltakarane opplevde at eigen kompetanse var styrka, og at denne kunnskapen kom brukarane til gode. Samstundes sa leiarane at avdelingane hadde fått ny kunnskap og inspirasjon. Vi har ikkje data som kan stadfeste dette, men ei forståing av at sosialisering og dialog er pådrivarar i læring og kompetansebygging, bygger opp under deira utsegn.

Kodifisering er den tredje samhandlingsmåten i ein kunnskapshjelpende kontekst. Det er det som skjer når kunnskapen blir omdanna til uttalte former som kan formidlast til mange, t.d. gjennom skriftlege dokument. Det siste trinnet er internalisering, der enkeltpersonar tek til seg den «nye» kunnskapen, arbeidsfellesskapet har innarbeidd ein ny praksis med felles verdiar og handlingsmåtar. (Krogh, Ichijo, & Nonaka, 2001, ss. 205-207). I siste del av nettverksprogrammet utarbeidde deltakarane ein miljøplan for sin arbeidsstad/avdeling. Det å skriftleggjere og systematisere eigen kunnskap på dette området, sette den inn i den lokale konteksten på eigen arbeidsplass og eigen kommune, vil vere eit bidrag i å gjere den «tause kunnskapen» synleg for seg sjølv og andre. Deltakarane fekk tilgang til det gjennom arbeidsprosessen med miljøplanen. Det er meir usikkert i kva grad dette er forankra hos resten av personalgruppa og leiarar, sjølv om leiarane evaluerte planen som nyttig.

Deltakarane vart bedne om å tenkje miljøplan på tre nivå: 1.«Det opne rom» (fellesaktivitetar på ein institusjon o.l.), 2. avdeling og 3. individ/den enkelte pasient. Dei måtte gjere seg kjende med ressursar i eige nærmiljø, i eiga personalgruppe og kartlegge pasienten sine ressursar og behov. Ved

å sette miljøarbeidet i system, blir det mindre tilfeldig og personavhengig. Vi fekk inn plan frå alle kommunane. Dei var varierande i omfang og struktur. Alle fekk skriftleg tilbakemelding der vi la vekt på overordna mål for miljøbehandling, heilskapstenking i høve andre planar i kommunen, samarbeid med kultur og frivillige lag/organisasjonar, aktivitetsplan (årshjul, månad, veke), og ansvarsfordeling/rutinar. På individnivå vart det veklagt kartlegging og rutinar for det (bakgrunnsopplysning, innkomstsamtale mm), brukar- og pårørandemedverknad, og primærkontaktfunksjon. På siste samlinga hadde vi ei oppsummering i plenum, i tillegg til framlegg frå fire kommunar.

Miljøbehandling må forankrast, ikkje berre i eige fagmiljø og i eiga avdeling, men òg i leiinga og planarbeidet i kommunen. Aktivitet er eit grunnleggande behov (Kvalitetsforskrift for pleie- og omsorgstjenestene, 2003), og ein plan vil vere eit hjelpemiddel til at dette blir sikra prioritet og kontinuitet. Det gir oversikt, system, ansvarleggjer og forpliktar. Aktiv omsorg og miljøbehandling er ikkje godt nok ivaretatt i tenestene i dag (Helse- og omsorgsdepartementet, 2013), og det krev ei satsing og ein innsats utover den enkelte tilsette sitt initiativ og kunnskap. Det handlar i stor grad om å ta i bruk kunnskap og endre praksis. Korleis har vi gjennom nettverket lagt til rette for at dette kunne skje? Vi har lagt vekt på leiarforankring i heile perioden. Informasjon til leiarar vart sendt på epost og gjeve i fora der dei elles var samla (t.d. fylkesmannen sitt leiarnettverk). Heile programmet med tema for samlingane var klart ved påmelding. Leiarane fekk særskilt invitasjon til samlinga der vi gjekk gjennom arbeidet med miljøplanen. Samstundes oppmoda vi deltakarane om at aktivitetar og miljøplan skulle vere tilpassa eigen avdeling/kommune. Gjennom dette fokuset på leiarinvolvering og tilpassing til eigen kontekst, meiner vi at tilhøva låg til rette for at kunnskap kunne takast i bruk i praksis og medverke til å utvikle miljøbehandling i avdelingane. Samstundes erfarer vi at ei tettare oppfølging av den enkelte avdeling/kommune, t.d. gjennom besøk i avdelinga og rettleiing saman med leiar, kunne auka lærings- og endringseffekten. Dette ser vi andre samanhengar der vi kombinerer undervisning og rettleiing over tid med leiarinvolvering og lokale tilpassing. Dette er ressurskrevjande, og var ikkje mogeleg i denne nettverksperioden.

Samarbeid om nettverk

Nettverket er eit resultat av eit mangeårig samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune v/kultur og helse, Høgskulen i Sogn og Fjordane v/ avd. for helsefag og Utviklingsenteret for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane/Førde kommune. Alle aktørane har ei rolle retta mot pleie- og omsorgstenestene i Sogn og Fjordane.

Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane

Hovudføremålet til utviklingssenteret er å vere ein pådrivar for kunnskap og kvalitet i sjukeheim og heimetenester i eige fylke. Lokale og nasjonale satsingsområde skal vere førande for aktiviteten. Pådrivarrolla inneber å gå framfor og få med seg andre. Eit verkemiddel er å søkje samarbeid med andre fagmiljø om felles kompetanse- og tenesteutviklingstiltak, samt etablere interkommunale samarbeid og fagnettverk (Helsedirektoratet, 2010). Heilt frå starten av har USHT i Sogn og Fjordane hatt samarbeidsavtale med mellom anna høgskulen og fylkeskommunen, og samarbeidet spenner seg over fleire temaområde.

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Kulturaktivitet og kulturoppleving gir oss eit rikare liv og bygger identiteten vår! Dette er Sogn og Fjordane fylkeskommune sin visjon i kulturstrategien 2015 – 2018 (2014). I arbeid med samanhengen mellom kultur, musikk og helse, kultur for alle, tilrettelegging og tilgang til kulturtilbod har fylkeskommunen prioritert å setje fokus på dette gjennom si rolle som regional utviklingsaktør. Sidan 1987 har ein hatt tilsett musikkterapeut i fylkeskommunen. Kulturlova seier tydeleg at ein skal leggje til rette for og tilgang til kultur for alle (Kulturlova, 2007). Det har vore viktig for kultursektoren i Sogn og Fjordane at ein arbeider med utviklingsarbeid også for svakare grupper i samfunnet. Dette er òg påpeikt tydeleg i Kulturutredninga 2014 (NOU 2013:5, 2013) med omgrepene «Den kulturelle grunnmur» som vektlegg breidde og tilgang for alle. Sidan 2014 har fylkeskommunen hatt ansvar for ordninga Den kulturelle spaserstokken.

Høgskulen i Sogn og Fjordane

Det er og Høgskulen si rolle å vere pådrivar til utviklingsarbeid og forsking i tråd med samfunnets behov. Rammeplan for bachelor sjukepleie pålegg utdanningsinstitusjonane eit overordna mål om å utdanne reflekerte yrkesutøvarar som set mennesket i sentrum, og som kan planlegge, organisere og gjennomføre tiltak i samarbeid med brukarar og andre tenesteytarar (Kunnskapsdepartementet, 2008). Høgskulen i Sogn og Fjordane satsar på god studiekvalitet. 50 % av undervisninga på bachelor i sjukepleie føregår ute i praksisfeltet, og høgskulen er avhengig av praksisplassar som satsar på kompetanse, kvalitet og utvikling. Utviklingsarbeid i kommunale pleie- og omsorgstenester krev ein ekstra innsats både frå utdanningssystemet og frå kommunane. Samarbeid i fylke er avgjerande for utvikling.

Erfaringar med samarbeidet

Ved å stå saman i ei felles satsing på miljøbehandling, gir vi viktige signal til praksisfeltet om at dette er eit området som blir prioritert. Vi håpar at det kan ha positive ringverknadar i arbeidet med å sette i verk tiltak i pleie- og omsorgssektoren.

Vi har særskilt gode erfaringar med samarbeidet. Alle partar vore aktive i idéfasen, planlegging og gjennomføring av fagdagar. Vi har nytta føredragshaldarar frå alle organisasjonane, og brukte kvarandre sine lokale. Slik har vi greidd å halde kostnadane så låge som mogeleg. Sjukepleiestudentar har delteke på fleire samlingar, og det har vore eit samarbeid rundt studentar i praksis knytt til relevante prosjekt. Å arbeide saman på denne måten fører til at vi utvekslar kunnskap på tvers av ulike fagområde og om dei samarbeidande organisasjonane. Saman skapar vi ny kunnskap, som er meir enn summen av det kvar av oss bidreg med. Dette er inspirerande og utviklende både på personnivå og i den enkelte organisasjon.

Det å arbeide på tvers av tre organisasjonar gir oss likevel nokre utfordringar. Nettverksarbeidet er ikkje alltid like godt forankra i organisasjonane. Det krev difor eit engasjement hos personane som skal drive dette. Engasjementet må innebere motivasjon, fleksibilitet og gjensidig tillit. Dette er personavhengig og kan vere sårbart. Engasjement er uansett ein viktig faktor, men skal eit samarbeid kring miljøbehandling halde fram bør det forankrast betre og formaliserast.

Oppsummering og vidare arbeid

Evalueringar og våre vurderingar tilseier at nettverksarbeidet har vore positivt og meiningsfullt for praksisfeltet. Det er sjølv sagt forbettingspotensiale, noko vi tek med oss i vidare planlegging. Samstundes er det viktig for det vidare arbeidet å synleggjere suksessfaktorane: 1. Nettverksprogram for heile perioden bidrog til fagleg kontinuitet og heilskap samstundes som det sikra naudsynt variasjon. Det vart føreseieleg for deltakarane og leiarane deira, og forenkla drifta av nettverket. 2. Nettverkssamlingar med gode førelesarar og ei kopling av forskingsbasert kunnskap og erfaringar frå praksis. 3. Engasjerte og motiverte nettverksdeltakarar som skapte gode diskusjonar og erfaringsdeling. 4. Mål og aktivitetar der deltakarane vart utfordra til aktiv deltaking gjennom presentasjonar, aktivitetar mellom samlingane og miljøplanarbeid. 5. Godt samarbeidet mellom USHT, SFJ og HiSF om drift av nettverket.

Hovudmålet med nettverket var å styrke kompetanse og utvikle miljøbehandling for kommunane i Sogn og Fjordane. Evalueringane tyder på at nettverket har gjort ein forskjell med tanke på den einskilde sin kompetanse på området, og utviklingsprosessar i praksis. Om dette har hatt verdi for

varige endringar veit vi lite om. For å vite meir om dette, er det nødvendig å halde kontakten med dei aktuelle kommunane. Vi kjenner til at mange av kommunane samstundes arbeider godt med fleire kompetansehevande tiltak innanfor demens og miljøbehandling. Dette gjer at vi møter tilsette og leiarar på fleire arena, og kan trekke veksel på dei ulike innfallsvinklane til same tema.

Samstundes er det viktig med eit nettverk som samlar trådar og kan ha ei oversikt over kva som skjer innanfor fagfeltet miljøbehandling. Det samarbeidet vi har hatt om drift av eit slikt nettverk, legg til rette for høg kompetanse og oversikt over fagfeltet.

Det trengs ei endring i kommunane dersom omsorgstenestene skal bli betre på det sosiale og kulturelle området, sikre heilskapleg tenestetilbod og ha tverrfagleg kompetanse. For at ei slik endring skal skje, trengs det tid og fokus. Difor bør vi halde fram med nettverket, og vi må sjå det i samanheng med andre satsingar og tiltak på dette området. Som regionale aktørar innan kompetanse- og utviklingsarbeid, har utviklingssenteret, høgskulen og fylkeskommunen ei oppgåve i å samordne og koordinere tiltak og opplæringstilbod så langt det er mogeleg. Nettverket har den fordelen at kommunane møtast og utvekslar erfaringar på tvers, og det gir oss høve til å hente inn attraktive og gode innleiarar.

Nettverket er vidareført og hadde si første samling i april 2016. Det blir lagt opp til to samlingar i året. Vi byggjer vidare på kunnskap og erfaringar frå førre periode. Nettverket skal ha ekstra fokus på systematisk bruk av musikkterapi og velferdsteknologi knytt til aktivitetar og sosial kontakt. Med bakgrunn i satsinga på musikkbasert miljøbehandling i Omsorg 2020 (2015), kjem haustsamlingane til å ha musikk som tema. Vi ynskjer å samordne det med ABC Miljøbehandling, som er modul 1 i eit opplæringsprogram for tilsette i helse- og omsorgstenesta (Musikkbasert miljøbehandling, 2016). Innhaldet på vårsamlingane vil bli tilpassa lokale behov og om mogeleg samordnast med samanfallande prosjekt og satsingar i fylket. «Lev Vel – kultur og eldre» er eit slikt prosjekt, som er tverrfagleg og eit felles løft for satsing innan kultur og eldre i fylket. Nettverket vil fokusere på ny forsking, nye arbeidsmåtar og aktivitetar, og sjå på modellar for oppfølging og rettleiing i kommunane for slik å legge til rette for implementering i praksis.

Litteratur

- Foss, B., & Wahl, A. K. (2002). Pasienters behov viktigere enn rutiner. *Sykepleien 2002 90 (18)*, ss. 35-39.
- Fossøy, A. B., Hauge, S., & Grov, E. K. (2013). Grindagutar på sjukeheim: Tilsette sin erfaring med kulturprosjekt. *Nordisk Tidsskrift for Helseforskning nr. 2-2013*, ss. 42-57.
- Haugland, B. Ø. (2012). Meningsfulle aktiviteter på sykehjem. *Sykepleien Forskning 2012 7 (1)*, ss. 40-47.
- Helse- og omsorgsdepartementet. (2003). *Kvalitetsforskrift for pleie- og omsorgstjenestene*. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2003-06-27-792?q=kvalitetsforskriften>
- Helse- og omsorgsdepartementet. (2007-2008). *Omsorgsplan 2015*. Henta frå https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/HOD/Vedlegg/Omsorgsplan_2015/sartrykk_omsorgsplan_2015.pdf
- Helse- og omsorgsdepartementet. (2011). *Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester*. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30>
- Helse- og omsorgsdepartementet. (2013). *Meld. St. 29 (2012-2013)*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/34c8183cc5cd43e2bd341e34e326dbd8/no/pdfs/stm201220130029000dddpdfs.pdf>
- Helse- og omsorgsdepartementet. (2015). *Omsorgsplan 2020*. Henta frå https://www.regjeringen.no/contentassets/af2a24858c8340edaf78a77e2fbe9cb7/omsorg_2020.pdf
- Helsedirektoratet. (2010). Utvikling gjennom kunnskap. Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjenester - en nasjonal satsing. Overordnet strategi 2011-2015. *IS-1858*. Oslo: Helsedirektoratet.
- Helsedirektoratet. (u.d.). *Personsentert omsorg og miljøbehandling ved demens*. Henta juni 29, 2016 frå helsedirektoratet.no: <http://helsedirektoratet.no/helse-og-omsorgstjenester/omsorgstjenester/demens/miljøbehandling/Sider/default.aspx>
- Jakobsen, K., & Granebo, R. (2011). Større faglig bredde som bidrag til mer aktiv omsorg for sykehemsbeboere. *Sykepleien Forskning 2011 6 (2)*, ss. 144-150.
- Kirkens bymisjon. (u.d.). *Om Bevegelse fra hjertet*. Henta 2015 frå <http://www.bymisjon.no/Prosjekter/Bevegelse-fra-hjertet2/Bevegelsesveiledning/>
- Krogh, G. V., Ichijo, K., & Nonaka, I. (2001). *Slik skapes kunnskap. Hvordan frigjøre taus kunnskap og inspirere til nytenkning i organisasjoner*. NKS forlaget.
- Kulturlova. (2007). *Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemnd*. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2007-06-29-89>
- Kunnskapsdepartementet. (2008). *Rammeplan for sykepleierutdanning*. Henta frå https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/uh/rammeplaner/helse/rammeplan_sykepleierutdanning_08.pdf

Lexell, J., Fråndin, K., & Helbostad, J. (2008). Fysisk aktivitet for eldre. I R. Bahr, *Aktivitetshåndboken* (ss. 62-71). Oslo: Helsedirektoratet.

Meld. St 25 (2005-2006). (2006). *Mestring, muligheter og mening*. Oslo: Helse- og omsorgsdepartementet. Henta frå <http://www.regjeringen.no/nb/dep/hod/dok/regpubl/stmeld/20052006/stmeld-nr-25-2005-2006-/15.html?id=201023>

Moland, L., Lien, L., Nygård, L., & Hofstad, T. (2013). *Læringsnettverk og innovasjon i kommunene*. Fafo.

Musikkbasert miljøbehandling. (2016). Henta juni 29, 2016 frå <http://musikkbasertmiljobehandling.no/>

NOU 2013:5. (2013). Kulturutredningen 2014. *Norges offentlige utredninger 2013:4*. Oslo.

Renolen, Å. (2008). *Forståelse av mennesker- innføring i psykologi for helsefag*. Bergen: Fagbokforlaget .

Rummelhoff, G. R., Roger, N. S., & Siri, B. (2012). Dagsenter gir økt livskvalitet. *Sykepleien 2012 100* (14), ss. 68-71.

Skram, M., & Helland, L. (2012). Nettverk kan stimulere til miljøbehandling. *Demens & Alderspsykiatri* vol. 16, ss. 24-26.

Sogn og Fjordane fylkeskommune. (2014). *Sogn og Fjordane fylkeskommune sin visjon i kulturstrategien 2015 – 2018*. Henta juni 27, 2015 frå <http://www.sjf.no/kulturstrategi.336696.nn.html>

Om forfattarane

Marta Strandos

Er utdanna sjukepleiar med master i organisasjon og leiing, og har vidareutdanningar innan rettleiing. Har klinisk erfaring og frå sjukehus og kommunehelsetenesta, og arbeidde i perioden 2003 til 2011 ved sjukepleieutdanninga i Høgskulen i Sogn og Fjordane. Har sidan 2011 arbeidd som utviklingskoordinator og leia Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester i Sogn og Fjordane, Førde kommune.

Jorunn Bakke Nydal

Utdanna musikkterapeut frå Østlandets musikkonservatorium. Har sidan 2008 arbeidd som musikkterapeut ved Sogn og Fjordane fylkeskommune, kultur og helse. Bakke Nydal arbeider med rettleiing, utviklingsarbeid, undervisning, kurs og prosjekt knytt til fagfeltet kultur/musikk og helse. Har i fleire år arbeidd med kultur og eldre gjennom musikkterapi, seniorkor, rettleiing, kurs og samarbeidsprosjekt som Nettverk for miljøbehandling i eldreomsorga.

Joanna Galek

Har master i sykepleievitenskap fra Polen. Har erfaring fra blant annet sykehjem. Siden 2009 høgskulelektor ved Avdeling for helsefag HiSF, Førde. Veileder studenter i praksis kjenner derfor godt praksisfeltet i mange kommuner i Sogn og Fjordane. Deltaker i flere samarbeidsprosjekt og nettverk, som for eksempel: Nettverk for miljøbehandling i eldreomsorgen, Pasienttryggleikskampanjen- Riktig legemiddelbruk i sjukeheim, Velferdsteknologi i kommunene i Sogn og Fjordane

Vedlegg.

Program fagdagar



Velkommen til fagdag i nettverket Miljøbehandling i eldreomsorga

Tid: 25.april 2012 kl. 10-15.30

Stad: Førde, Høgskulen sine lokale på Vie

Program:

- Kl. 10.00-10.30: Registrering
Frukt, kaffi, te
- Kl. 10.30-11.00: **Opning og helsingar**
Eva Marie Halvorsen, dekan avd.for helsefag,
Høgskulen i Sogn og Fjordane
Ingebjørg Erikstad, fylkesdirektør,
Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Nils Gjerland, leiar i hovudutval for kultur,
Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Kulturinnslag
- Kl.11.00-12.30: **Musikk i møte med demens v/ Birgitta Andersson**
Birgitta Andersson er frå Sverige, er utdanna musikkterapeut frå Musikhögskolan i Stockholm. Andersson er òg uttrykkande kunstterapeut, kantor og fritidspedagog. Ho har erfaring frå rehabilitering, eldreomsorg, kreftomsorg, psykiatri, konferansar og seminarer, og blir mykje brukt i større nasjonale samanhengar både i Noreg og Sverige.



"Man kan inte blunda med öronen"

Andersson har fokus på å sjå heile mennesket, oppmuntre menneske til å bli synlege, både for seg sjølv og andre. Verdsette verdien av at

musikk og kunst er ein veg til kommunikasjon.

"När orden tar slut tar musiken och bilden vid"

Kvar kan oppleve musikk uansett alder og funksjonsnivå. Musikken hjelper oss og finne veger til kommunikasjon og kjensler. Ein kan kjenne korleis ein har det.

Kl. 12.30-13.15: Lunsj

Kl. 13.15-13.45: **Individualisert musikk – ei innføring.**

v/Jorunn Bakke Nydal, musikkterapeut ved fylkessenter for musikkterapi, Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Kl. 13.45-14.45: **Arbeid rundt bordet**

Kaffi, te, kake

Kl. 14.45-15.15: **Dele erfaringar og idear**

Kl. 15.15-15.30: **Oppsummering av dagen**

v/Erling Nydal, høgskulelektor HISF

Neste samling

Påmelding til nettverket er registrert.

Fagdagen kostar kr. 200,- pr deltakar, og blir fakturert i etterkant.



SGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Førde kommune



Velkommen til fagdag i nettverket Miljøbehandling i eldreomsorga

Tema for dagen:

Kultur som virkemiddel i det førebyggjande, helsefremjande og
rehabiliterende arbeid

Tid: 31.oktober 2012 kl. 10-15.30

Stad: Førde, Høgskulen sine lokale på Vie

Program:

Kl. 10.00-10.30: Registrering. Frukt, kaffi, te

Kl. 10.30-10.45: Velkommen

Oppsummering av «Arbeid rundt bordet» førre fagdag?
v/Joanna Galek

Kl.10.45-12.30: **Rom for opplevelse.**

Kultur påvirker menneskers psykiske helse. Ulike kulturopplevelser kan hjelpe folk til å få et bedre og mer meningsfullt liv.

v/Gro Lorentzen

Gro Lorentzen er Førstelektor ved Høgskolen i Telemark, Institutt sosialfag SF, Kultur for helse. Lorentzen har bakgrunn som sosionom og utdanning innen musikk og kultur. Ho er leiar for videreutdanninga Kultur for helse, som starta som et forsøk høsten 1998.



Høgskolen i Telemark har kartlagt opplæring og tiltak innanfor aktiv omsorg. Rapporten kan du finne ved å klikke på:

<http://www.hit.no/nor/HiT/Naeringsliv-og-offentlig-sektor/Samarbeid-med-oss/Samarbeidsprosjekter/Prosjekter-helse-og-sosialfag/Aktiv-omsorg>

Kl. 12.30-13.15: Lunsj

Kl. 13.15-14.15: **«Bevegelse frå hjertet»**

v/Silje Høgaas. Prosjektleiar, Stiftelsen Kirkens Bymisjon Oslo

«Bevegelse fra hjertet» er en metode som henvender seg til mennesker med demens, pleieansatte og pårørende av mennesker med demens. I april 2012 lanserte Bevegelse fra hjertet aktivitetskort, og kortene består av 30

øvelser som pleieansatte/pårørende kan benytte seg av i kommunikasjonen med den demensrammede. Kortene er delt inn i to brukerkategorier; stell og aktivitet. Målet med kortene er at pleiere/pårørende på en enkel og lite tidkrevende måte kan implementere bevegelse, musikk og berøring på en enkel måte i sitt samvær med mennesker med demens.



Det vil vere mogeleg å kjøpe aktivitetskarta på fagdagen. Lanseringspris på aktiviteteskortene er kr. 170 (+ mva og frakt).
Les meir om prosjektet her: <http://www.bymisjon.no/bevegelsefrahjertet>

Kl. 14.15-14.30: Kaffi, te, kake

Kl. 14.30-14.45: **Seniorkoret – positiv helsegevinst for heimebuande eldre**
v/ Aud Berit Fossøy, sosiolog og høgskulelektor ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, avd. for helsefag.



Du kan lese artikkelen hennar
«Seniorkor – helsefremjande
aktivitet i stødig ramme» her:
http://www.sykepleien.no/ikbViewer/Content/847799/korsang_for_eldre_9228.pdf

Kl. 14.45-15.30: «Aktivitetskofferten»
Nettside «Aktiv omsorg»
v/Marta Strandos

Vel heim!

Påmelding til **nettverket** vart registrert før fagdagen i april. Vi treng likevel ei påmelding til denne fagdagen. Det gjer du elektronisk [her](#)

Fagdagen kostar kr. 200,- pr deltakar (lunsj).





Velkommen til fagdag i nettverket Miljøbehandling i eldreomsorga

Tema for dagen:

Fysisk aktivitet: "30 min", Ut på tur.

Alternative aktivitetstilbod: sanseopplevingar,
handmassasje, SPA – ein pådrivar for betre helse
og auka velvære



Tid: 9. april 2013 kl. 09.30 - 15.30

Stad: Førde, Høgskulen sine lokale på Vie

Program:

Foto: Oskar Andersen

- Kl. 09.30-10.00: Registrering. Frukt, kaffi, te
- Kl. 10.00-10.30: Velkommen. Filmen «Gylne øyeblikk», Oslo kommune
- Kl. 10.30-10.50: Presentasjon av aktivitetskoffertar
- Kl. 10.50-11.15: Innføring i ulike kartleggingsmodellar til start på miljøplan
- Kl. 11.15-11.30: Beinstrekk
- Kl. 11.30-12.00: Fysisk aktivitet og trening for eldre
v/fysio- og ergoterapiavd., Førde kommune
- Kl. 12.00-12.45: Lunsj
- Kl. 12.45-13.15: Fysisk aktivitet – eit bidrag for auka livskvalitet for eldre
v/Atle Skrede, rådgjevar fysisk aktivitet og idrett,
Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Kl. 13.15-13.45: Handmassasje v/Linda Varpe Haukås, ergoterapeut Flora kommune
- Kl. 13.45-14.00: Kaffi, te, kake
- Kl. 14.00-14.30: «Speed-dating»
- Kl. 14.30-15.30: Fysisk aktivitet og alternative aktivitetstilbod på di avdeling
Vel heim

Vi tek atterhald om endringar i programmet.

NB! Ta med aktivitetskofferten. Utstilling.

Vi ynskjer at 2 kommunar fortel om arbeidet og viser oss sin koffert. Dei to første som melder seg får høve til det!

Påmeldingsfrist: 4. april 2013

Påmelding til fagdagen gjer du elektronisk [her](#). Du kan melde på inntil fem deltagarar på same skjema.

Fagdagen kostar kr. 200,- pr deltagar (lunsj).

Vel møtt!



”Vi har det gøy med bøy og tøy(s)” - Trening for voksne mellom 65 og 80+..

Utviklingsenter for hjemmetenester i Sør-Trøndelag: <http://www.utviklingsenter.no/vi-har-det-goey-med-boey-og-toeys-trening-for-voksne-mellom-65-og-80.4914170-179636.html>





Velkommen til fagdag i nettverket Miljøbehandling i eldreomsorga

Tema for dagen:
**Museum som arena for livslang læring, matkultur,
kunst som uttrykk og deltaking.**

Tid: 5. november 2013 kl. 09.30 - 15.30

Stad: Førde, Høgskulen sine lokale på Vie

Program:

- Kl. 09.30-10.00: Registrering. Frukt, kaffi, te
- Kl. 10.00-10.10: Velkommen
- Kl. 10.10-10.40: «Museum, ein ressurs for institusjonane» v/Gunhild Systad, museumsleiar ved Sunnfjord Museum
- Kl. 10.40-11.10: «Ville du vore naken på bussen?» v/Stein Sandemose Baardsen, Formidlingsleiar ved Sogn og Fjordane Kunstmuseum
- Kl. 11.10-11.30: Beinstrekk og prat
- Kl. 11.30-11.50: «Kunst i kvardagen» v/Astrid Wittersø
- Kl. 11.50-12.15: «Pasientopplevelingar av måltidsfellesskap i sjukeheim» v/Bente Gunn Melheim, høgskulelektor ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, avd for helsefag
- Kl. 12.15-13.00: Lunsj
- Kl. 13.00-13.20: VIPS – ein modell for personsentrert omsorg. v/Lisbet Hatlestad og Ida Solvåg-Hellevang, demensteam/USHT
- Kl. 13.20-14.00: Arbeidet med miljøplan:
Innføring, presentasjon av mal og eksempel v/Marta Strandos, USHT
- Kl. 14.00-15.00: Arbeid i grupper m/rettleiing - innspel. Leiarane i eigne grupper.
- Kl. 15.00-15.30: Dialog om samarbeid mellom kultur og omsorgssektoren v/Anita Solbakken, kultursjef Flora kommune



"Glimt" - Astrid Wittersø

Vel heim ☺

Vi tek atterhald om endringar i programmet.

Påmeldingsfrist: 25. oktober 2013

**Påmelding til fagdagen gjer du
elektronisk [her](#)**

Fagdagen kostar kr. 200,- pr deltagar (lunsj).
Faktura blir sendt ut i etterkant.




Foto: Oskar Andersen

Dersom de er i gang med miljøplanen, så ta med det de har. Ta med andre aktuelle program/planar/dokument som de vil trenge i arbeidet med miljøplanen.

Det er fint om kvar arbeidsplass tek med ein pc.

Vel møtt!



Foto: Oddleiv Apneset



Foto: Colourbox.com



**SGON OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**



**HØGSKULEN I
SGON OG FJORDANE**
Avdeling for helsefag



Førde kommune



Velkommen til fagdag i nettverket Miljøbehandling i eldreomsorga

Tema for dagen:
Arrangørrolle, planlegge arrangement.
Miljøplan for din arbeidsstad.

Tid: 23. april 2014 kl. 09.30 - 15.30

Stad: Førde, Høgskulen sine lokale på Vie

Program:

Kl. 09.30-10.00:	Registrering. Frukt, kaffi, te
Kl. 10.00-10.10:	Velkommen
Kl. 10.10-10.40:	«Grindegut på sjukeheim» v/Aud Berit Fossøy, Førstelektor v/HiSF
Kl. 10.40-11.10:	«Vi berre gjer det» v/Anne Marie Sandvoll, Førsteamanuensis v/HiSF
Kl. 11.10-11.20:	Pause
Kl. 11.20-12.30:	Miljøplan: Presentasjon/paneldiskusjon
Kl. 12.30-13.15:	Lunsj
Kl. 13.15-14.15:	Arrangørrolla v/Jorunn Bakke Nydal
Kl. 14.15-14.30:	Pause
Kl. 14.30-15.00:	Evaluering
Kl. 15.00-15.30:	Kursbevis, kaffi og kake

Vel heim ☺

Vi tek atterhald om endringar i programmet.

Påmeldingsfrist: 9. april 2014.

**Påmelding til fagdagen gjer du
elektronisk [her](#)**

Fagdagen kostar kr. 200,- pr deltarar (lunsj).
Faktura blir sendt ut i etterkant.

Vel møtt!



HØGSKULEN I
SOGN OG FJORDANE

Avdeling for helsefag



SONG OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Førde kommune

Invitasjon til...

2012 - 2014



Program 2012 - 2014:

Vår 2012

Musikk i møte med demens, innføring i individualisert musikk.

Høst 2012

Kultur som virkemiddel i det førebyggjande, helsefremmende og rehabiliterende arbeid.

Vår 2013

Fysisk aktivitet; "30 min". Ut på tur. Alternative behandlingstilbod: sansopplevingar, hand massasje, SPA – ein pådriver for betre helse og auka存活ere.

Høst 2013

Museum som arena for livslang læring, matkultur; kunst som uttrykk og deltaking.

Vår 2014

Arrangerolle, planlegge arrangement. Miljøplan /kulturplan – utarbeide miljøplan for arbeidsstad.



Førde kommune



Utviklingsenter for
sjukeheimar og heimatenester
Sogn og Fjordane

Invitasjon til...

2012 - 2014



Tittel: Aurd Wilse

Nettverk miljøbehandling i eldreomsorga

i Sogn og Fjordane

Invitasjon til...

2012 - 2014



Nettverket for miljøbehandling i eldreomsorga vil i 2012 – 2014 heve kompetanse og utvikle miljøbehandling i kommunane i Sogn og Fjordane. Gjennom miljøarbeiderskule får ein innføring i ulike innfallsvinklar på miljøbehandling. Gjennom forelesinger, konkret metodikk vil ein etter to år i nettverk vere godt rusta til å møte utfordringar på sin arbeidsstad.

Nettverket vil tilby forelesarar på nasjonalt nivå. I slutten av nettverksperioden ynskjer ein at deltakarane skal arbeide fram ein miljøplan for sin arbeidsstad. Dette skal skje i samarbeid med leiringa på institusjonen. Det inneber at vår 2014 skal laiarane delta på eit planmøte.

I nettverksperioden får du:

- Auka kompetanse
- Idear til nyskapning
- Utarbeide miljøplan for din arbeidsstad

Nettverket ynskjer å få tilsette som er engasjerte, har evne til å formidle kunnskap på egen arbeidsstad, motiverer og setja i gang tiltak.

Kvifor er det viktig å integrere miljøbehandling og kultur i helsefremmende arbeid? Korleis kan vi få til dette i praksis? Gjennom dette nettverket ynskjer vi å gje svar på desse spørsmåla.



Bakgrunn

Bakgrunnen for invitasjon til nettverket er Olaviken alderspsykiatriske sjukhus i Hordaland sitt tidlegare nettverk for miljøbehandling i demensomsorga her i fylket. Styregrådet for Utviklingsenteret for sjukeheimar og heimatenester i Sogn og Fjordane har vedtatt å videreføre arbeidet, med tittel "Miljøbehandling i eldreomsorga" – eit nettverk for tilsette på sjukeheimar og heimatenester i Sogn og Fjordane.

Utviklingsenteret leier nettverket. Høgskulen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune er samarbeidspart.

Kven kan delta?

Tilsette ved sjukeheimar og heimatenester. Nettverket ynskjer at flest mogleg kommunar deltek, gjemo 2-4 frå kvar kommune.

Pris: kr 200,- pr kursdag inkl. mat.

Kontaktperson:

Sogn og Fjordane Utviklingsenter for sjukeheimar og heimatenester w/ Marta Strandos
tlf: 41 52 64 16 / 57 72 58 05
marta.strandos@forde.kommune.no

Påmelding :

marta.strandos@forde.kommune.no
Sjø og våre nettsider:
www.forde.utviklingsenter.no

Frist for
påmelding:
fredag
1. februar